

Uroa over utsetting av rehabilitering

26.06.2010



**Verksemdsleiar/rektor Stein Elling Schille er uroa over at oppstarten ved Rosendal ungdomsskule utan vidare er flytta ut eitt år i tid - frå hausten 2112 til hausten 2113. Det gjev han uttrykk for i eit brev til ordførar og rådmann.**

**Han ber både den administrative og politiske delen av kommunen om å få fortgang i slutføringa av prosjekteringsarbeidet slik at ventetida kan ta slutt.**

- Det er med ikkje liten uro eg no ser på arbeidet med å rehabilitera skulen, skriv han i brevet.

Prosjektet som vart lagt fram av arkitektfirmaet Wiberg vart sendt attende fordi det vart for omfattande og dyrt. Schille ser for seg at ein reduksjon av beløpet ned til 50 millionar inneber ein god del endringer i høve til det forslaget som vart avvist.

- Det er i dag ingen som tykkjест vite korleis skulen er tenkt å sjå ut. Det er ikkje slik at ved å kutte bort den eine eller andre enden - bygget på bassenggarderobetaket eller delen nede mot sjøen - får ei brukande løysing, held han fram.

Schille ber og om at det vert fortgang i arbeidet med å få til akseptable busshaldeplassstilhøve ved Seglem barnehage. Vel ein å nytte opstillingsplassen til Scat-Harding krevst det ei løysing der bussar og elevar er adskilte.

Av Ola Matti Mathisen

